

Bkk Nett AS  
Øystein Almelid  
Postboks 7050  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar: 12618927  
Vår: 20/13262 - 21/9742

Saksbehandlar:  
Elin Houlison Molvik  
[elin.houlison.molvik@alver.kommune.no](mailto:elin.houlison.molvik@alver.kommune.no)

Dato:  
12.02.2021

## Dispensasjon frå LNF-føremålet i samband med forelegging ny nettstasjon og legging av jordkablar - gbnr 325/12 mfl. Fosse

**Administrativt vedtak:** **Saknr:** 211/21

**Tiltakshavar:** Bkk Nett AS

**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (tbl.) § 19-1

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommunedelplan for Meland for etablering av ny nettstasjon og legging av luftline i jordkabel.**

**Tiltaket er omfatta av områdekonsesjon og krev ikkje vidare handsaming etter plan- og bygningslova. Utøver dette har avdeling for Plan- og bygesak ingen merknad til føreleggingav av anlegget.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet gjeve i kommunedelplan Meland i samband med etablering av ny nettstasjon og legging av luftline i jordkabel.

Ny nettstasjon har eit bygdareal (BYA) på om lag 15 m<sup>2</sup> og høgde på om lag 3,1 m.

Frådeling av grunn krev eigen søknad om dispensasjon og løyve etter plan- og bygningslova.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming 12.02.2021. Frist for handsaming av søknad er 12 veker frå dato.

## **Planstatus**

Det aktuelle arealet ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Meland er sett av til LNF-føremål.

## **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon fra LNF-føremålet i gjeldande kommunedelplan.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

(...)BKK Nett søker med dette med heimel i Plan- og bygningslova § 19-1 om dispensasjon fra reguleringsplan med plan-ID 12562010003 for oppføring av frittstående nettstasjon på gnr. 325 bnr. 12 i Alver kommune. Nettstasjonen er tenkt plassert i LNF-område. Dispensasjonssøknad for tiltaket vert grunngjeven med allmenn straumforsyning i samsvar med områdekonsesjon og for å oppretthalda forsyningstrykkleik. Det er sendt ut rekommandert nabovarsel til aktuelle naboar. Det er ikkje komet nokre merknader. Grunneigar er informert om saka, og BKK Nett reknar med å få i stand minnelege avtalar med grunneigarane.(...)

## **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt. Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren i Vestland får vedtaket til klagevurdering.

## **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

## **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 12.01.2021.

## **Tilkomst, avkørsle, parkering, vatn og avløp (VA)**

Ikkje relevant for tiltaket.

## **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser plassering av ny nettstasjon og trasee for jordkabel.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

## **VURDERING:**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsideset. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikke gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommunedelplan i samband med etablering av ny nettstasjon og legging av luftline i jordtrasee.

I vurdering av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på søkjars vurdering, etablering av ny nettstasjon er naudsynt med tanke på allmenn straumforsyning i samsvar med områdekonsesjon og for å oppretthalde forsyningstrykkleik.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå LNF-føremålet er oppfylt. Ein finn at omsyna det vert dispensert frå ikkje i vesentleg grad vert råka av omsøkt dispensasjon.

### **Plassering**

Plassering av ny nettstasjon og leidningstrase vert godkjent slik som omsøkt.

### **Privatrettslege tilhøve**

Administrasjonen legg til grunn at det ligg føre naudsynte private rettar til å etablere, drifta og vedlikehalde ny nettstasjon og leidningstrase. Vedtak etter plan- og bygningslova er ikkje avgjerdsle i høve private rettar jf. plan- og bygningslova § 21-6.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Regelverk**

- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Søknad en skal nabovarslast etter pbl § 21-3.
- Krav til privatrettsleg sikra tilgang til vatn og avlaup følgjer av pbl. §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg, jf. pbl § 27-4.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Krav til avfallsplan følgjer av byggteknisk forskrift (TEK) § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsanering følgjer av TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikke gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13262

Med vennleg helsing

- Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

## Vedlegg:

kart

## tegning

Kopi til:

Bkk Nett AS

Postboks 7050

5020

BERGEN

## Mottakarar:

Bkk Nett AS

Postboks 7050

5020

BERGEN  
LEIKANGER